

**Sakshandsamar:**

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 12/6245-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

38625/12

Dykkar ref.

NVE 200708099-7 ksk/auko

Dato

LEIKANGER, 08.11.2012

NVE

Postboks 5091, Majorstua

Konsesjonsavd.

0301 Oslo

Høyringsuttale til søknad om løyve til bygging av Trolleholselva kraftverk i Høyanger kommune

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 07.11.2012 som sak 132/12 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen meiner at fordelane ved å bygge ut Trolleholselva kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.

2. Vegen opp Storedalen og vidare stien/traktorvegen opp Breidalen er ein viktig innfallspport til Stølsheimen landskapsvernområde. Fylkeskommunen krev difor at alt anleggsarbeid inkludert opprydding/istandsetting etter at anlegget er fullført, vert gjort på ein skånsam måte i høve til natur og landskap.

Med helsing

For

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Vedlegg:

Kopi av brevet og saksutgreiinga vert sendt elektronisk til NVE

Mottakar (ar)

NVE Postboks 5091, Majorstua Konsesjonsavd. 0301 Oslo

Kopi til:

Saksutgreiing og fylkesrådmannen si tilråding.

Høyringsuttale til søknad om løyve til bygging av Trolleholselva kraftverk i Høyanger kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som ein klar føresetnad at ingen fysiske inngrep, inkl. redusert vassføring, må kome i direkte konflikt med Stølsheimen landskapsvernområde.
2. Vegen opp Storedalen og vidare stien/traktorvegen opp Breidalen er ein viktig innfallsport til Stølsheimen landskapsvernområde. Fylkeskommunen krev difor at alt anleggsarbeid inkludert opprydding/istandsetting etter at anlegget er fullført, vert gjort på ein skånsam måte i høve til natur og landskap.
3. Gitt desse føresetnadene vurderer fylkeskommunen fordelane ved Trolleholselva kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.

Vedlegg:

1. Brev frå NVE 08.08.2012.
2. Høyringsuttale frå Høyanger kommune, brev til NVE 23.10.2012.
3. Høyanger kommune, saksutgreiing og vedtak i formannskapet 11.10.2012.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Søknad om konsesjon av mars 2011.
2. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin uttale til NVE 25.09.2012.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Frå NVE har fylkeskommunen fått over til uttale søknad om løyve til å bygge Trolleholselva kraftverk ved Ortnevik i Høyanger kommune. Kraftverket er planlagt med inntak på kote 290 i Trolleholselva og Breidalselva og kraftstasjon på kote 155 i Storedalen .

Med ein installert effekt på 2,7 MW i kraftverket er det venta ein årleg kraftproduksjon på 8,5 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 61 liter/sek frå inntaket i Trolleholselva og 23 liter/sek frå inntaket i Breidalselva. Småkraft AS er tiltakshavar og har avtale med grunn- og fallrettseigarar i tiltaksområdet.

Høyanger kommune rår til utbygginga i tråd med søknaden.

Fylkesmannen seier i sin uttale at prosjektet vil vere til stor ulempe for allmenne interesser, spesielt fordi utbyggingsområdet ligg i innfallsporten til Stølsheimen som nasjonalt friluftsområde og landskapsvernområde. Fylkesmannen rår frå inntak i Breidalselva og ønskjer å flytte inntaket i Trolleholselva nedover elva for å redusere tap av INON. Han ønskjer vidare å flytte kraftverket oppover langs elva for å redusere ulemper for anadrom fisk eller å auke minstevassføringa til 5-persentil sommar og vinter.

Fylkesrådmannen meiner at det må vere ein klar føresetnad at ingen fysiske inngrep, inkludert redusert vassføring, må kome i direkte konflikt med Stølsheimen landskapsvernområde. Vegen opp Storedalen og vidare stien/traktorvegen opp Breidalen er ein viktig innfallsport til

Stølsheimen landskapsvernområde. Fylkesrådmannen ønsker difor at alt anleggsarbeid inkludert opprydding/istandsetting etter at anlegget er fullført, vert gjort på ein skånsam måte i høve til natur og landskap. Gitt desse føresetnadene vurderer fylkesrådmannen fordelane ved Trolleholselfva kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.

2. Bakgrunn

Lover/reglar/føresegner


- Lov om vassdrag og grunnvatn av 24. november 2000 nr. 82 – Vassressurslova (løyve til å bygge inntakskonstruksjon, vassveg i fjell, kraftstasjon, avløp frå kraftstasjonen)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100.
- Oreigningslova av 23. oktober 1959 nr. 3
- Forureiningslova av 13. mars 1981 (gjennomføring av tiltaket)
- Energilova av 29. juni 1990, nr. 50 (løyve til bygging og drift av elektriske anlegg)
- Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50

Samla plan for vassdrag

Prosjektet er ikkje vurdert i Samla plan.

Stølsheimen landskapsvernområde.

Begge inntaka ligg ved grensa til landskapsvernområdet.



Kartet viser med blå prikkar planlagde inntak og kraftstasjon. Landskapsområdet er markert med raud skravur. Dei planlagde Østerbø og Randalen kraftverk lenger vest er vist. Mjølsvik kraftverk i nabovassdraget mot vest er vist. Dette prosjektet fekk konsesjon i 2010.

Kommunale planar

I arealdelen i kommuneplanen er tiltaksområdet lagt ut som LNF-område.

Fylkesdelplan for arealbruk

Tiltaksområdet er ikkje sett av til spesielle formål.

Utkast til regional plan om vasskraftutbygging


Fylkeskommunen har utarbeidd utkast til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. I planutkastet er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket. Fjordlandskapet dekker ikkje det aktuelle tiltaksområdet. I delområdet Høyanger-Brekke er det markert 17 fossar/stryk som er viktige landskapselement. Elvane i tiltaksområdet er ikkje mellom desse.

Vassforskrifta

Vassdraget ligg i vassområde Ytre Sogn i vassregion Sogn og Fjordane. Planprogrammet for området omtalar arbeidet og planprosessen fram mot ein godkjent forvaltningsplan for vassregionen i 2015. Gjennomføring av forvaltningsplanen skal skje i perioden 2016 – 2021.

3. Tiltaksområdet og det planlagde tiltaket

Tiltaksområdet ligg i Storedalen sørvest for Ortnevik. Det er planlagt inntak (kote 290) i Trolleholselva og Breidalselva. Desse elvane renn saman til Vesleleva (kote 160). Den planlagde kraftstasjonen vil ligge ca. 400 meter nedanfor samløpet (kote 155). Elvane er smale og bratte ned mot eit flatare parti ovanfor samløpet. Frå kote 65 lenger nede i Storedalen er det samløp med Storeleva som renn ut i Sognefjorden ved Ortnevik. Øvre deler av nedbørsfeltet til Trolleholselva (2 km²) er tidlegare overført til Store Norddalsvatnet og vatnet vert utnytta i BKK sine kraftverk i Modalsvassdraget.



Kraftstasjon og inntak er markert med blå farge. Rørgater: raud strek. Nedbørsfelt: grå strek


Hovuddata for tiltaket

Tilslig	Trolleholselva	Breidalselva	Sum/data for kraftverket
Nedbørsfelt, km ²	7,6	3,8	11,4

Middelvassføring ved inntaket, m3/sek	0,87	0,31	1,18
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	61	23	84
Fem-persentil* sommar (mai-sept.)	129	48	180
Fem-persentil* vinter	58	22	80
Kraftverk			
Inntak	290	290	
Avløp			155
Brutto fallhøgde			135
Slukeevne, maks			2,4
Slukeevne, min			0,1
Installert effekt, maks			2,5
Planlagt slepp av minstevassføring, heile året liter/sek	61	23	
Brukstid, timar			3340
Produksjon			
Årleg middel, GWh			8,5
Økonomi			
Utbyggingskostnad, mill. kr.			34,4
Utbyggingspris, kr/kWh			4,04

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Det er planlagt inntaksdam i betong i Trolleholselva, 4 meter høg med ei krunelengde på ca. 20 meter. Neddemt areal blir ca. 150 m2. I Breidalselva er det planlagt ein terskel i naturstein med krunelengde ca. 20 meter. Det skal gravast ut en inntakskulp bak denne.



Inntak, rørgater og kraftstasjon. Turstien til Stølsheimen er markert.

Det går veg inn i Storedalen fra Ortnevik. Denne må opprustast for anleggstrafikken. Lengde ca. 3 km. Det går traktorveg/sti nesten opp til begge dei planlagte inntaka. Vegen langs Trolleholselva er planlagt opprusta og forlenga ca. 200 m fram til anleggsområdet ved inntaket. Det er lausmassar i området, slik at ein ventar ikkje behov for sprenging i vegtraseen.

Det er lagt til grunn at eksisterande traktorveg/ tursti til inntaket i Breidalselva ikkje skal brukast til anleggstrafikk. Trafikken skal gå i rørgatetraseen. I alt er det planlagt oppgradering av ca 1200 meter vegar ovanfor kraftstasjonen. Vegbredde blir ca. 4 m med tillegg for grøfter og skåningar, totalt opptil ca. 10 meter bredde. Skråningar og skjæringar vil bli arrondert for tilveksing. Vegane skal seinare brukast til drift og vedlikehald av anlegget.



Inntaksområde i Trolleholselva



Eksisterande veg mot inntaket i Breidalselva. Vegen vil ikkje bli nytta til anleggstransport.

Frå kraftverket skal det byggast ny luftlinje langs vegen ned til ei eksisterande 22 kV kraftlinje ved Ortnevik Sag, ca. 3,4 km nedover dalen. Det er i dag ikkje kapasitet i nettet til å ta i mot ny kraftproduksjon. To store linjeprojekt lenger vest og sør i regi av BKK Nett må realiserast først.

4. Vurdering og konsekvensar

Saksopplysningane nedanfor er henta frå søknadsmaterialet.

Hydrologi

Kraftverket vil utnytte 75 % av totaltilsiget, 18 % vil gå som overløp over dammen og 7 % vil bli tappa forbi dammane som minstevassføring. Mindre enn 1 % av tilsiget vil bli tappa forbi når det er for lite vatn til å produsere.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima.

Det er ikkje venta nemnande endringar etter utbygging.

Grunnvatn, flaum og erosjon

Det er ikkje venta nemnande endringar etter utbygging.

Biologisk mangfald / flora og fauna

Tiltaket vil ha ein liten negativ konsekvens (-) for biologisk mangfald.

Fisk og ferskvassbiologi

Tiltaket vil ha ubetydeleg til liten negativ konsekvens (0/-) for fisk og ferskvassbiologi.

Landskap og INON, sitat frå søknaden:

De aktuelle elvestrekningene ligger i et område med forholdsvis tett skog, og er lite fremtredende i landskapet. Konsekvensene i anleggsfasen er primært knyttet til bygging av rørgate og kraftlinje, mens selve inntakene blir mindre dominerende i dette landskapsrommet. Den planlagte 22 kV linjen er tenkt lokalisert langs eksisterende veg, noe som bidrar til å redusere den landskapsmessige effekten og tap av inngrepsfrie naturområder. I driftsfasen vil effekten i første rekke være knyttet til redusert

vannføring, men elvene er som sagt lite fremtredende elementer i dette skogkledte landskapet. Samlet vurderes tiltaket å ha liten til middels negativ konsekvens (-/--) for landskapet i anleggsfasen og liten negativ konsekvens (-) på sikt (driftsfasen).

Kulturminne, sitat frå søknaden

Det er ingen kjente automatisk freda eller vedtaksfreda kulturminner/kulturmiljøer innenfor Influensområdet. Potensialet for funn vurderes som relativt lite. SEFRAK inneholder enkelte opplysninger fra dette området. Dette dreier seg om gamle stølsbygninger (og ruiner) i Flugedalen og Brydalen. Bygningene/ruinene i Flugedalen ligger nær foreslåtte traseer for anleggsvei og kraftlinje, men berøres ikke rent fysisk.

Området vurderes å ha liten verdi med tanke på kulturminner og kulturlandskap.

I Flugedalen vil noen nyere tids kulturminner i form av stølsbygninger og ruiner bli visuelt påvirket av utbyggingen. Totalt sett vurderes tiltaket å ha liten negativ konsekvens for kulturminner og kulturmiljøer.

Landbruk, sitat:

Samlet vurderes tiltaket å ha ubetydelig/ingen konsekvens (0) for landbruket i anleggsfasen og middels positiv konsekvens (++) i driftsfasen

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser, sitat:

Samlet vurderes tiltaket å ha ubetydelig / ingen konsekvens (0) for vannkvalitet, vannforsynings- og resipientinteresser i driftsfasen.

Brakarinteresser, sitat:

Tiltaksområdet ligger like utenfor grensen til Stølsheimen landskapsvernområde, som i fylkesdelplanen for arealbruk (Sogn og Fjordane Fylkeskommune, 2000) er avmerket som et nasjonalt viktig friluftsområde. Stølsheimen er godt egnet som turområde både sommer og vinter, og stien fra Ortnevik er en av flere viktige innfallsporter til dette fjellområdet i sommerhalvåret. Ferdselen i Storedalen er med andre ord i stor grad knyttet til Stølsheimen landskapsvernområde, og skjer da nesten utelukkende langs den merkede turstien opp langs Breidalselva. Ferdselen er størst i perioden fra påske og til litt ut på høsten, og det er lite eller ingen ferdsel inn mot Stølsheimen senhøstes og på vinteren. I følge grunneierne er det lite ferdsel inn mot Trolleholet og Tuledalsvatnet. Det er kun grunneierne som sporadisk bruker dette området i forbindelse med hjortejakt.

Det er med andre ord noe jakt i området, og da primært på hjort. I følge grunneierne jaktes det i liten grad på småvilt (hare og skogsfugl). Det er noe bekkørret i de to elvene, og den nederste strekningen ned mot kraftstasjonen er sjørrettførende. Det er imidlertid svært lite fiske på strekningen mellom planlagt inntak og kraftstasjon sammenlignet med nedre deler av Vesleelva. Utbyggingen berører slik sett ingen viktige elvestrekninger med tanke på fritidsfiske. Området har jevnt over gode opplevelseskvaliteter og er lite påvirket av tekniske inngrep (med unntak av skogsvei). Breiddalsstiens funksjon som innfallsport til Stølsheimen landskapsvernområde trekker verdien av dette området noe opp i forhold til området langs Trolleholselva.

I anleggsfasen vil inngrepene være relativt godt synlige for de som ferdes langs stien inn til Stølsheimen. Spesielt inngrepene langs Breidalselva (inntak og rørgate) vil være godt synlig fra stien. Inngrepene vil stedvis også berøre selve stien. Inngrepene langs Trolleholselva vil i mindre grad merkes for de som ferdes langs denne stien. I driftsfasen vil rørgatetraseen og skjæringer/fyllinger langs anleggsvegen revegeteres, og inngrepet blir gradvis mindre synlig. Jakt- og fiskeinteressene i Ortnevik vil i liten grad bli berørt av utbyggingen, så konsekvensene er primært knyttet til tiltakets inn- virkning på landskapskvaliteter og - opplevelse. På grunn av disse momentene er utbyggingen vurdert å ha liten til middels negativ konsekvens (-/--) for friluftsliv og brukerinteresser i anleggsfasen. I driftsfasen, dvs. etter at rørgatetrase og andre berørte arealer er revegetert, vil utbyggingen ha liten negativ konsekvens (-).



Breidalselva nedanfor planlagt inntak. Stien til Stølsheimen går på motsett side av elva.

Samfunnsmessige verknader, sitat:

Det er lite trolig at utbyggingen vil ha vesentlige negative samfunnsmessige virkninger (for reiseliv, etc). Samlet vurderes tiltaket derfor å ha liten positiv konsekvens (+) for lokalsamfunnet, både i anleggs- og driftsfasen.

Samla vurdering. Sumverknader.

Utbygginga i Trollholselfa og Breidalselva er totalt sett vurdert til å ha ein liten negativ til ubetydelig konsekvens. Det er vist til planlagt kraftutbygging i nabovassdraga lenger vest. Det er ikkje venta at utbyggingane samla sett vil auke belastninga på naturmangfald, landskap og friluftsliv.

Avbøtande tiltak.

Det vil bli slept minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring, 61 l/s i Trolleholselfa og 23 l/s i Breidalselva heile året. Med dette meiner søkjaren at omsynet til friluftsliv/brukarinteresser er ivareteke, samtidig som det gir positive effektar for andre tema/fagområde

5. Andre sitt syn på saka

Høyanger kommune, kommunestyret 23.10.2012.

Høyanger kommune ser positivt på søknaden frå utbygger Småkraft AS, og tilrår konsesjon for regulering av Trolleholselfa og Breidalselva og bygging av Trollholselfa kraftverk, som omsøkt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, konklusjon i uttale til NVE 25.09.2012:

Fylkesmannen har vurdert prosjektet til å vere til stor ulempe for allmenne interesser. Dette gjeld spesielt fordi utbyggingsområdet ligg i innfallsporten til Stølsheimen som nasjonalt friluftsområde og landskapsvernområde. Vi rår i frå at det vert gjeve konsesjon for reguleringa av Breidalselva. Reguleringa av Trolleholselfa kan akseptast, med nokre justeringar. Inntaket i Trolleholselfa bør flyttast noko nedstraums for å redusere tap av INON. Vi tilrår vidare å flytte kraftverksavlaupet til ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk. Minstevassføringa bør minst vere på nivå med 5-persentilen høvesvis sommar og vinter av omsyn til biologisk mangfald, inkludert anadrom fisk dersom avlaupet ikkje vert flytta oppstraums vandringshinderet, og landskaps- og friluftinteressene.

6. Fylkesrådmannen si vurdering - fordelar og ulemper - avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 8,5 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og friluftsliv i samband med bygging av inntaksdammar, legging av rørgater, bygging av kraftstasjon, bygging/opprusting av vegar, bygging av kraftlinje og redusert vassføring i Trollhølselva, Breidalselva og vidare i samløpet i Vesleelva.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Vegen opp Storedalen og vidare stien/traktorvegen opp Breidalen er ein viktig innfallsport til Stølsheimen landskapsvernområde. Det er lagt til grunn at stien/traktorvegen opp Breidalen ikkje skal opprustast og nyttast til anleggstrafikk. Fylkesrådmannen legg vidare til grunn at alt anleggsarbeid vert gjort på ein skånsam måte i høve til natur og landskap. Dette gjeld også oppryddinga/ istandsettinga etter at anlegget er fullført.

Stølsheimen landskapsvernområde.

Begge inntaka er tenkt plassert tett inntil grensene for landskapsvernområdet. Fylkesmannen seier i si utgreiing at etter inntaket på kote 290 i Breidalen så vil elva renne delvis innfor landskapsvernområdet ned mot kote 270. Fylkesrådmannen meiner det må vere ein klar føresetnad at ingen fysiske inngrep, inkludert redusert vassføring, må kome i direkte konflikt med landskapsvernet.

Kulturminne

Det føreligg ikkje oversikt om automatisk freda kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltak i samband med utbyggingsplanen. Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. Lov om kulturminne § 9, må gjennomførast. Tiltakshavar pliktar å ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune i god tid før eventuell anleggsstart, slik at undersøkingsplikta kan gjennomførast. Vi minner om at registreringa berre kan skje på bar og telefri mark.

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. I Flugedalen ligg det restar av fleire SEFRAK- registrerte bygningar. Den nye røyrgata må leggjast i god avstand frå desse ruinane og utanfor stølsområdet. Det må heller ikkje gjerast skade på eldre stølsvegar i området. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Samla vurdering

Det må vere ein klar føresetnad at ingen fysiske inngrep, inkludert redusert vassføring, skal kome i direkte konflikt med Stølsheimen landskapsvernområde. Vegen opp Storedalen og vidare stien/traktorvegen opp Breidalen er ein viktig innfallsport til Stølsheimen landskapsvernområde.

I søknaden er det er lagt til grunn at stien/traktorvegen opp Breidalen ikkje skal opprustast og nyttast til anleggstrafikk. Fylkesrådmannen legg vidare til grunn at alt anleggsarbeid vert gjort på ein skånsam måte i høve til natur og landskap. Dette gjeld også opprydding/ istandsetting etter at anlegget er fullført.

7. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen meiner det må vere ein klar føresetnad at ingen fysiske inngrep, inkludert redusert vassføring, skal komme i direkte konflikt med Stølsheimen landskapsvernområde. Vegen opp Storedalen og vidare stien/traktorvegen opp Breidalen er ein viktig innfallsport til Stølsheimen landskapsvernområde. Fylkesrådmannen ønskjer difor at alt anleggsarbeid inkludert opprydding/istandsetting etter at anlegget er fullført, vert gjort på ein skånsam måte i høve til natur og landskap. Gitt desse føresetnadene vurderer fylkesrådmannen fordelane ved Trolleholselva kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.